



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstitutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Laksefjordvidda



Med fulle segl gjennom Finnmark.

Foto: Vegard Ulvang

TUREN

Me susar inn i solnedgangen. Nærast som to cowboyar på eigne hestar, her me fer over Finnmarksvidda i høg fart. Eller kanskje skipperar på eigne skuter er eit betre bilete. Uansett, kjensla av meistring er høg. Kjensla av fridom. Kjensla av glede når du flyg over store vatn i tretti kilometer i timen, eller når du glir leikande lett opp fjellsider med ein tung pulk hengande etter deg. Me køyrer opp og ned mellom små fjellrygger, inn mellom pass og ut på store flyer – som, nettopp, ryttarane på prærien med breibremma hattar.

Me starta dagen i Porsanger og

er no snart i Tana. Det er langt. Brett ut kartet og ta ein titt om du ikkje trur meg. GPS-en har logga elleve mil, og enno har me litt igjen før det er kveld og natt. Det er godt å vere skiseglar når bora er rett og føret godt. Gløymd er all baksinga med tung pulk opp bjørkeliene i Skoganvarre. Gløymd er djupsnøen i Stabursdalen og vindstilla i Alta. No gler me oss berre over ein seilas utanom det vanlege. Elleve mil på ein dag, nemnde eg det? Gjennom Gaissane. Eit verkeleg høg-fjellsområde til Finnmark å vere, med toppar på over 1000 meter. Så utover Ifjordfjellet og Laksefjordvidda. Eit flatmarksområde – same kva du samanliknar det

med. Her ser du horisonten kor du enn snur deg.

Laksefjordvidda, med dei talause vatna sine, er ein draum for sportsfiskaren. Sumar og vinter. Og isfisket om våren er høgtida for tanaværingen. Når sola skin og røya bit, står det att mange tomme kontorpultar nede i bygda. Dette er skuterkultur på sitt beste – om det er mogleg å nytte eit slikt uttrykk. Camping langt inne på vidda. Familietreff, matauk og friluftsliv fire mil frå næraste brøytt veg. Det blir snakka samisk mellom fiskehola, og lukta av totaktsolje heng over teltleirane.

Me takkar ja til tilbodet om feltseng og oppvarma telt. Rein-

kjøtt og buljong blir servert på bord med kvit duk. Raudvin får me i glas med stett. Finnmarkingane nyttar fjellet på *sin* måte – og nett no klagar eg ikkje.

Eg vaknar neste morgon av blafringa i teltduken. Heldigvis. Vinden er framleis på vår side – og me skal vidare austover. Varangerhalvøya og Vardø er målet. So kjem turkompisen min stormande inn i teltet. Han er frå Aust-Finnmark og oppvaksen på isfiske. I nevene har han ein aure på halvannan kilo. I andletet eit enormt glis. «Eg trur me blir her ei stund», seier han bestemt.

HARALD DAG JØLLE



SITATET

«Eg er som vel du veit, ein fjellets mann, og derfor dreg til fjells so tidt eg kan.»

Aasmund Olavsson Vinje



Vekthysterikarane

NYTT UTSTYR

Det har vore mange motesvingingar innanfor toppturing sidan telemarkbølgja slo inn over landet i 1980-åra. Skia har vorte breiare og tyngre. Støvlane stivare og høgare. Og hælen har vorte fast – på slikt *randonnée*-vis. Ja, slalåmski får den franske nemninga for å vere på tur når dei òg kan nyttast til å gå opp bakkane med.

Men det er ikkje alle som prioriterer nedkøyringa når dei handlar turutstyr. For nokon er det viktigast at det er lett å gå opp. Og her finst det – sjølvsagt

– også mykje å velje i, no som randonnee er på full fart til å bli ein etablert konkurranseidrett. Dynafit lagar til dømes ei binding dei har kalla for Low Tech Race, som berre veg 115 gram! Til gjengjeld kostar ho 6000 kroner.

Scarpa produserer ein karbonstøvel som du knapt skal merke du har på føtene, med sine 680 gram. Og byrjar du fyrst å tenkje på vekt, må du nesten kjøpe nye ski. Også her finst mykje dyrt og lett å velje i. Til dømes skryter Dynafit av at dei har utvikla ei ski som veg utru-

lege 720 gram. Så, om du blar opp om lag tretti tusenlappar for ei full randopakke, kan du gå med lette steg mot toppen. Men eg veit ikkje. Eg er så glad i å køyre ned at eg nok kjem til å dra det tunge utstyret mitt til topps nokre år til.

HDJ



Scarpa Alien. «Aldri noensinne har ett produkt med dennes vekt kunnet by på slik ytelse!» skriv Sportsnett. Det bør stemme – for slalåmstøvelen kostar 14.999.-

Fugle-
perspektiv

Han kan segle forutan vind.

Foto: Pickersgill Reef / flickr

HDJ

Himmel-
fart

Lufta er tårnsegleren suveren. Der jagar han insekt i ein fart du ikkje får halde ustraffa på norske vegar. To ljåar til venger og ein smal spole til kropp gjer han til ein framifrå seglflygar.

Landjorda er ikkje laga for tårnsegleren; dei veike føtene ber ikkje langt, og dei lange vengene duger ikkje til å sno seg i skogen med. Det er ikkje rart han nesten støtt er i lufta – han søv der òg.

Berre familielivet tvingar han ned. Reirhylla må ligge høgt og fritt, gjerne under eit takskjegg. Då har han straks luft under vengene når han vil til vørs att.

Heime fekk vi hjelpe ein forlist seglar for eit par år sidan. Dottera mi fann han i ei korg med dokkelede på barnerommet. Havaristen hadde smotte inn i lufteglipa øvst på vindaugget – kanskje på leit etter reirplass. Han kom seg ingen veg på eiga hand. Vi bar han ut og venta spent til han fekk summa seg og rasa av garde.

Om han hadde skite ned rommet? Slett ikkje. Det einaste visittkortet vi fann, hadde han lagt på ei dokkebleie.

Stovereine tårnseglarar er i grunnen meir enn ein kan vente å møte.

SVEIN ARNE ORVIK

Svein Arne Orvik skriv om fuglar for Dag og Tid.

Verdas lengste skitur

REKORDEN

I Antarktis er det mange som set ein eller annan rekord, som me alt har vore innom i denne spalta. Nokre står meir fjellstøtt enn andre. Det blir til dømes vanskeleg å slå Roald Amundsens fyrst-til-polpunktet frå 1911. Andre kjem nok til å falle før eller sidan.

Felles for mange av rekordane er at dei føreset ei og anna presisering. Til dømes har Alexander Gamme gått verdas lengste soloskitur – utan etterforsyningar eller hjelp av skiseigl – då han gjekk fram og attende til Sørpolen i 2011–12. Cecilie Skog vart i 2009–10 saman med Ryan Waters den fyrste til å krysse heile det antark-



Rune Gjeldnes tek ein stopp innom Sørpolen på verdas lengste skitur.

tiske kontinentet utan å nytte medvinden – ein *unsupported*- og *unsupplied*-ekspedisjon som det heiter på polarfagspråket. I deira tilfelle starta kontinentet ved Berkner Island og stoppa inst på Rossisen. Ein anstendig

skitur, for all del, på heile 1800 kilometer, sjølv om turen ikkje gjekk frå kyst til kyst i tradisjonell tyding og var kortare enn Børge Ouslands fyrste solokryssing av kontinentet i 1996–97, på 2845 kilometer. For ikkje å snakke om Rune Gjeldnes som fann to ytterpunkt i Antarktis i 2005–06. Begge desse karane segla delar av turane – med andre ord: *unassisted wind-support*, for atter å gå til fagterminologien. Kor som er: Gjeldnes' tur var på 4808 kilometer og varde i tre månader! Det er verdas lengste samanhengande ferd med ski på beina. Den kan òg bli ståande ei stund.

HDJ

Balthazar Mathias
Keilhau 1797–1858

BIOGRAFIEN

Keilhau har, noko tilfeldig, fått æra for den fyrste norske vitenskaplege polarekspedisjonen. Som lektor i bergvitenskap ved universitetet i Christiania såg han det som si sjølsagde oppgåve å få oversikt over det unge «Norges naturlige beskaffenhet». Dette målet førde han til fjells. Keilhug oppdaga ikkje mindre enn Jotunheimen. Eller rettare, det var han som namngav fjellheimen. Rett nok som *Jotunfjeldene*. Saman med Christian Peter Bianco Boeck og Ole Urden vart han òg den fyrste som kom på toppen av Fal-


ketind i 1820. Arbeidet med «at foretage videnskabelige Reiser i Fædrelandets mindre undersøgte Egne» førde han nordover. I 1827 drog han på ein lengre ekspedisjon til Finnmark. Målet var å gjere geologiske, botaniske, geografiske, magnetiske og meteorologiske undersøkingar – i tillegg noterte han ei rekke kulturhistoriske inntrykk. Alt levandegjort i den svært lesverdige boka *Reise i Øst- og Vest-Finmarken samt til Beeren-Eiland og Spitsbergen, i Aarene 1827 og 1828*.

I Hammerfest møtte Keilhau ein rik tyskar som ville nord til Ishavet. Tilfelle og eit impulsivt



sinn gjorde at den universitetstilsette naturforskeren – med stillingsinstruks om å reise «saa-lange dette maatte ansees nyttig og nødvendigt» – vart mannen som starta den norske vitenskaplege utforskinga av Arktis.

HDJ



Sjølvpålagde lidingar i grisgrendte strok

«Jeg har ikke sans for dem som skjuler rikdommen sin», seier Odd Reitan i eit intervju med

Dagblad-Magasinet. Då trur eg at han hadde lika meg. Eg skrøyter av romsdalsfjella ved

kvart eit høve.

STEIN P. AASHEIM

Arne Næss illustrerer korleis bankeboltane kan nyttast i bratte fjellveggar. Frå artikkelen «Bolteklating. En veiledning» i *Norsk fjellsport* 1948.Bolte-
klating

GAMALT UTSTYR

Klatringas psykologi og forankringsteknikk er enkel, skriv Peter Wessel Zapffe i klassikaren «Fire korstog til Piggvind». I eit juleselskap, der whiskyen var god og damene smukke, greier han ut: «førstmand går op, sikret av anden. Så går andenmand op, sikret av første». Det er sant nok. Men kva du sikrar tauet i, er ganske avgjerande.

Bankeboltan revolusjonerte klatresporten i mellomkrigstida. Med denne var det mogleg å søkje brattare stup samstundes som ein viss grad av tryggleik vart ivareteken. Tidlegare var sikringstanken å leggje tauet rundt steinblokkar og utspring i fjellet – men det kunne ikkje nektast for, skriv Arne Næss, at det ofte hadde rådd «ukritiske, ja kanskje direkte overtroiske forestillinger» om kor stor nytte dette ville ha i tilfelle du fall.

Næss lærde sjølv å klatre med boltar i Alpane i 1934 og vart den som innførte teknikken i Noreg. Filosofen tok ikkje lett på oppgåva. Boltane gjorde sporten sikrere, men gav også nye moglegheiter. Du kunne dra deg etter sikringa og dermed kome deg opp på stader du *eigentlich* ikkje klarte å klatre, eit klart brot på god sportsånd, meinte mange. Slikt skaper etiske, estetiske og filosofiske dilemma. Men Næss landa på at det var mest som tala for det nye utstyret: «Bolten muliggjør en stadig stigning i de ytre muligheter for opplevelse av nettopp de trekk ved fjellnaturen som klatreren er meget påvirkelig for: villhet, voldsomme dimensjoner, storslagen arkitektur og (tilsynelatende!) utilgjengelighet.»

HDJ